# Naturmangfaldplan for Hjartdal kommune 2025-2028



Vedteken av Hjartdal kommunestyre xx.xx.2025

Kulturlandskapssenteret

# Innhald

Føreord ..... 5
1 Bakgrunn, føremål og prosess ..... 6
2 Føringar, retningsliner og lovverk ..... 7
2.1 Globale føringar ..... 7
2.2 Nasjonale føringar og retningsliner ..... 7
2.3 Regionale føringar ..... 8
2.4 Kommunale føringar ..... 8
2.5 Sentrale lovverk ..... 9
2.5.1 Naturmangfaldlova ..... 9
2.5.2 Anna relevante lovverk ..... 9
3 Naturmangfald ..... 10
3.1 Kva er naturmangfald? ..... 10
3.2 Kvifor er naturmangfald viktig? ..... 10
3.3 Kva trugar naturmangfaldet nasjonalt og lokalt? ..... 12
3.2.1 Arealendringar ..... 12
3.2.2 Forureining ..... 15
3.2.3 Påverking av andre artar ..... 16
3.2.4 Klima ..... 18
3.2.5 Hausting ..... 19
3.2.6 Friluftsliv og turisme ..... 19
4 Naturmangfaldet i Hjartdal kommune ..... 20
4.1 Offentlege kartleggingar ..... 21
4.1.1 Naturtypelokalitetar etter HB13 ..... 21
4.1.2 Naturtypelokalitetar etter NIN ..... 21
4.1.3 Utvalde naturtypar ..... 22
4.2 Skildring av truga naturtypar me finn i Hjartdal kommune ..... 24
4.3 Verneområde og naturreservat ..... 29
4.3.1 Særlege tilhøve knytt til Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde ..... 30
4.4 Miljøkartleggingar i skog (MIS) ..... 30
4.5 Viltkartlegging ..... 31
4.6 Kulturlandskap ..... 31
5 Mål og strategiar for ivaretaking av naturmangfald i Hjartdal kommune ..... 33
6 Handlingsplan ..... 34
7 Nettsider og litteratur ..... 35
7.1 Viktige databasar ..... 35

7.2 Litteraturkjelder .....36

*Foto på framside:*
*Villrein. Foto: Terje Skogland.*
*Systermarihand. Foto: IngvillGarnås*
*Huldrestry. Foto: Svein M. Søgnen.*
*Elvemusling. Foto: Sverre Lundemo.*

## Føreord

Hjartdal kommune er ein stor fjell- og skogkommune i Aust-Telemark, omkransa av kommunane Notodden, Tinn og Seljord. Kommunen omfattar fjellbygdene Hjartdal og Tuddal, den breiare dalbygda Sauland og store fjell- og skogvidder mot Lifjell i sør og Gausta nord.

Ved inngangen til 2025 var det 1646 innbyggarar. Landbruket er ei stor og viktig næring. Heile 25 % av arbeidsplassane i kommunen er knytt til jord- og skogbruk, og om lag 45 % av befolkinga bur på gard. Hjartdal kommune er med dette den kommunen i fylket der flest bur på gard. Turismen er også viktig for fjellbygdene. Tuddal har lengst historie på turisme i større skala. Det har dei seinare åra vore satsa stort på bygging av fritidsbustadar og anna tilrettelegging for reiseliv. Tuddal høyfjellshotell og dei største hyttefelta ligg i Tuddal, men det er også noko hyttebygging og andre turistsatsingar i Hjartdal og Sauland.

Arealendringar er det største trugsmålet mot naturmangfaldet i Noreg. Difor er det spesielt viktig å sikre ei heilskapleg arealplanlegging, der samla verknadar av ulike tiltak sjåast i samanheng. Kommunedelplan for naturmangfald er eit viktig verktøy for å få til dette. Den kan nyttast både til å samle og spreie informasjon om naturverdiane ein har i kommunen.

Truga artar og naturtypar får ofte rolla som særs kostbare syndebukkar når store prosjekt blir sett på vent eller må endrast. Ofte er det ikkje naturmangfaldet i seg sjølv som er grunnen til meirkostnaden, meir at utgreiingane i førekant har vore for dårlege. Naturverdiar bør tidlegast mogleg med i vurderinga. Det vil generelt gjeva både raskare og rimelegare prosessar. Hjartdal kommune takkar difor også Miljødirektoratet for økonomisk støtte til arbeidet med å få denne viktige planen på plass.

## 1 Bakgrunn, føremål og prosess

Naturmangfald er summen av mangfaldet i naturen. Det vil seia variasjonen innafor ein art, mellom alle artane og mellom økosystema dei lever i. Naturen er sjølve grunnlaget for menneskeleg eksistens. Naturen med alt sitt mangfald har ein eigenverdi, men naturmangfaldet er også sjølve levegrunnlaget vårt. Det er frå dette mangfaldet me hentar råvarene til alt av mat og medisinar, og det er også naturmangfaldet som sikrar oss alle viktige økosystemtenester. Døme på det siste er reinsing av vatn, flaumdemping og pollinering. Ein mangfaldig natur er generelt også meir robust og motstandsdyktig mot ytre påverknader, ikkje minst vekslande vêr og klima. I tillegg er naturen og naturmangfaldet viktig i folkehelseperspektiv, som kjelde til rekreasjon og gode opplevingar.

Berekraftig bruk og forvalting av naturen er avgjerande for å stoppe tapet av naturmangfaldet. Hjartdal kommune er ein av fleire kommunar som i 2022 fekk tildelt tilskot frå Miljødirektoratet til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Målet med ordninga er å styrke naturforvaltinga i kommunane og bidra til større medvit rundt eigne naturverdiar. Planprogrammet blei vedteke i desember 2022 og la grunnlaget for det vidare arbeidet med planen. Planen blei påbyrja av Marthe Darrud Storøy ved Samfunnsavdelinga i Hjartdal kommune og sluttført av Ingvill Garnås ved Kulturlandskapssenteret. Samfunnsavdelinga ved avdelingsleiar Janne Væringstad og kommuneplanleggar Simen Storøy har fungert som styringsgruppe.

Hovudføremålet med planen er å sikre ivaretaking av viktige og verdifulle naturområde, naturtypar og artar – fyrst og fremst gjennom auka kunnskap. Ei systematisk og heilskapleg framstilling av naturmangfaldet i eigen kommune vil gjera oss tryggare på vurderingane som skal gjerast i samband med arealplanlegging og sakshandsaming. Sidan den største trusselen mot naturmangfaldet i verda generelt er nedbygging av areal, er det heilt avgjerande at ein også lokalt har god oversikt over naturtypar, artar og deira leveområde.

Ved sida å auke den interne kompetansen er det også eit viktig delmål for planarbeidet å utløyse lokalt engasjement og eigarskap gjennom presentasjonar og høyringsfase. Målgruppa er vid og spenner frå administrasjon og folkevalde til innbyggarar, hyttefolk og andre tilreisande. Vonleg vil planen gje både næringsliv, offentleg forvalting, grunneigarar og andre ein giv til å ta vare på naturverdiane som finst i Hjartdal kommune.

## 2 Føringar, retningsliner og lovverk

Det er ei rekkje lovar og føringar som er styrande og/eller retningsgjevande for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald. Under fylgjer ei ikkje uttømmande liste over nokre av dei mest sentrale.

### 2.1 Globale føringar

Viktige globale føringar er gjeve i *FN sine berekraftsmål*, som er ein arbeidsplan verda har gått saman om for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Figur 1 syner korleis berekraftsomgrepet skal forståast ut i frå tre dimensjonar: klima og miljø, sosiale høve og økonomi. Det er ikkje mogleg å sikre den sosiale eller økonomiske dimensjonen om me ikkje tek vare på livsgrunnlaget vårt, naturen. Å ta vare på natur på land og i vatn (mål 14 og 15) og å motverke klimaendringane (mål 13) er difor viktige oppgåver også for kommunen.




*Figur 1. FNs berekraftsmål. Henta frå Folke et al. (2016).*

### 2.2 Nasjonale føringar og retningsliner

*Berekraftig bruk og bevaring av natur – Handlingsplan for naturmangfold (St. meld 35 2023-2024)*

Meldinga skildrar korleis regjeringa sin politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet, og inneheld dei politiske føringane for å nå nasjonale og internasjonale mål. Eitt av innsatsområda er å styrke kommunane sitt arbeid med naturmangfaldet. Arealinngrep er den største negative påverknaden for natur i Noreg. Difor er det ekstra viktig at kommunane utøvar rolla si som arealforvaltar på ein god måte. Handlingsplanen kan lastast ned på denne lenka; Meld. St. 35 (2023–2024) - regjeringen.no

*Nasjonale miljømål*

Noreg har 25 mål for miljøet som er fordelt på områda naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda. Dei nasjonale måla for naturmangfald er:

- Økosystem skal ha god tilstand og levera økosystemtenester.

- Ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utvikling for truga og nær truga artar og naturtypar skal forbetrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar.

Meir informasjon om dei nasjonale miljømåla er å finne på Miljødirektoratet si infoside på nett, miljøstatus.no; Norges 25 klima- og miljømål - Miljøstatus - Norges klima- og miljømål

*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*

Kblei fjerde år reviderer regjeringa dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging. Desse skal leggast til grunn for kommunen si verksemd og økonomiplan. FN sine berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for planlegginga. For naturmangfald har regjeringa forventingar til at kommunen identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, og at ein vurderer samla verknadar av utbyggingar og andre inngrep. Dokumentet kan lastast ned på denne lenka; Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no

## 2.3 Regionale føringar

*Forvaltingsplan Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027*

Forvaltingsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneverdiane og verneføremåla fyrst og fremst knytt til villrein, men også anna natur og kulturlandskap. Planen skal etablere ei langsiktig, berekraftig lokal forvalting og sikre at tilhøva blir føreseialege for eigarar og brukarar av området. Den gjev informasjon om kva for aktivitetar som er tillate/forbode innafor ulike delar av og/eller soner i verneområdet, kva for tiltak som eventuelt kan godkjennast etter nærare søknad. Planen kan lastast ned på denne lenka; Nasjonalparkstyre | Forvaltingsplan

*Regional vannforvaltingsplan for Vestfold og Telemark vannregion 2022-2027*

Planen skildrar miljømål og prioriterte tiltak for å verne, forbetre eller estaurere vassmiljø i Telemark og Vestfold i perioden 2022-2027. Dokumentet lan lastast ned på denne lenka; regional-vannforvaltingsplan-vestfold-og-telemark-vannregion--uten-vedlegg.pdf

*Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025*

I retningslinene for areal og transportplan (ATP) for Telemark (2015-2025) er det presisert at utbygging skal sikre samanhengande grønstrukturar for naturen. I tillegg skal minimum 70 % av bustadbygging skje innanfor definert senterstruktur og tettstadgrenser i kommuneplanen sin arealdel. Det er vedteke ein ny handlingsplanen som omfattar 2025-2026; handlingsprogram-2023-2026-for-atp-telemark.pdf

## 2.4 Kommunale føringar

*Kommunal planstrategi 2020-2023*

Planstrategien er eit verktøy for prioritering av kommunen sitt planarbeid. Den 15.12.2021 vedtok eit einstemmig Hjartdal kommunestyre at det skulle søkjast midlar i 2022 til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.

*Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2027*

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument. Her fastsettast dei langsiktige måla og strategiane for kommunen. Hjartdal kommune har vald tre satsingsområde i samfunnsplanen; det gode vertskap, det grøne alternativet og det nye blikket. Det grøne alternativet inneber ei styrking av miljø- og klimafokuset i kommunen.

*Kommuneplanen sin arealdel 2024-2033 (under arbeid)*

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna arealplanen som styrar kva det er lov til å byggje i kommunen og kva det er lov til å byggje kor. Arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel starta opp hausten 2024. Det er ein omfattande og tidkrevjande prosess og endeleg vedtak kan ligge noko fram i tid. Kommunedelplanane for kulturmiljø og naturmangfald er knytt opp mot arealplanen både som innspel og som temaplanar arealplanen kan vise til.

## 2.5 Sentrale lovverk

### 2.5.1 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er den viktigaste lova me har for å ta vare på naturmangfaldet i Noreg. Lova gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjerder som har konsekvensar for naturmangfald. Lova gjev rammene for forvaltinga av artar, naturtypar, økosystem og verneområde. Føremålet med lova er «*at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologisk prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskers virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur».*

Lova inneheld prinsipp for kommunal sakshandsaming. §§ 8-10 stiller krav til skildring av kunnskapsgrunnlaget, bruk av f*øre-var-prinsippet* når kunnskapen er utilstrekkeleg og vurdering av den samla påverknaden eit tiltak vil ha på naturmangfaldet. §§ 11-12 set krav til korleis tiltak skal gjennomførast og kven som skal bera kostnadene med bevaring av naturmangfaldet. Det er utarbeidd ein eigen rettleiar på korleis omsynet til naturmangfald skal vurderast og vegast mot andre samfunnsinteresser (Klima- og miljødepartementet 2016.). Lova og rettleiaren kan lastast ned på denne lenka; Naturmangfoldloven - miljodirektoratet.no

### 2.5.2 Anna relevante lovverk

Det mest sentrale lovverket for å styre arealbruken i kommunen er Plan- og bygningsloven. Lova skal sikre ei samordning og avveging av samfunnsinteresser. Kommunen må ivareta nasjonale, regionale og lokale miljøinteresser i arealplanlegginga. I arealplanen skal kommunen leggje premiss om at det blir teke omsyn til natur- og friluftsområde og at ein vurderer tiltak opp mot effektar på klima og miljø.

Jordlova har som føremål at forvaltinga skal vera miljøforsvarleg og ta vare på dyr og planter. Skogbrukslova går på berekraftig forvalting og sikring av biologisk mangfald. Lova krev at skogeigar skal ha oversikt over miljøverdiar i eigen skog og ta omsyn til desse ved gjennomføring av alle tiltak i skogen. Føremålsparagrafen i Vannressursloven skal sikre forsvarleg bruk av og forvalting av vassdrag og grunnvatn, og har eigne føresegner om kantvegetasjon langs vassdrag. I Vannforskriften er det fastsett miljømål som skal sikre heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Laks- og innlandsfiskeloven skal sikre naturlege bestandar mellom anna av innlandsfisk, ferskvassorganismar og deira leveområde. Viltlova har føringar knytt til vilt og deira leveområde. Miljøinformasjonsloven stiller mellom anna krav til at kommunen skal ha tilstrekkeleg miljøinformasjon til å utføre sine oppgåver og at denne informasjonen skal vera offentleg tilgjengeleg.

# 3 Naturmangfald

## 3.1 Kva er naturmangfald?

I Naturmangfaldlova er naturmangfald definert som «*biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning».*

Naturmangfald kan også seiast å vera summen av alt mangfald i naturen, frå mangfald av økosystem og naturtypar på øvste nivå til mangfald av artar og genetisk variasjon innafor desse att på det nedste. I tillegg kjem dei økologiske samanhengane artane og økosystema seg i mellom. Mykje av dette handlar om landskapsøkologi, kort forklart korleis mengda og fordelinga av ulike naturtypar i landskapet verkar inn på ulike artar sine levekår. Nokre artar er også avhengige av variasjon, det vil seia tilgang på fleire naturtypar.

## 3.2 Kvifor er naturmangfald viktig?

Naturmangfald er eit komplekst tema og rommar veldig mykje. Dei store samanhengane kan vera litt uhandgripelege. Av nettopp same grunn kan det vera vanskeleg å formidle verdien av å ta vare på det. Fagfolk har gjerne smale spesialfelt, og evnar ikkje alltid å nå ut til folk flest med det overordna bodskapet. Ein biolog som har brøyta veg på dette feltet er Anne Sverdrup-Thygeson ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU). Ho fekk mellom anna Norges forskningsråds formidlingspris i 2020. Gjennom eit levande språk med bruk av konkrete eksempel og gode situasjonsbilete har ho greidd å fange positiv merksemd om temaet.

Sverdrup-Thygeson framhevar særleg verdien av naturmangfaldet som *eksistensgrunnlag* og *«landhandel»* for oss menneske. Det er rett og slett grunnlaget for at me menneske har funne oss og framleis kan finne oss mat og råvarer til alt me treng for å leva. Dette omfattar mellom anna medisinar, klede og byggemateriale. - Og det blir stadig funne nye råvarer og utvikla nye produkt.

Naturmangfaldet står også for ei rekke samfunnstenester, rettare sagt *økosystemtenester.* Dette er tenester som me alle kanskje tek vel mykje for gitt. Det handlar om alt frå nedbryting av organisk materiale og reinsing av jord, vatn og luft til flaumdemping, erosjonsvern og pollinering.

Dei mange artane og naturtypane har ulike og utfyllande roller, som trådar i ein vev. Me kan på mange måtar kalle det eit *sikkerheitsnett.* For at nettet skal halde, er det viktig å få festa i trådar som er i ferd med å losne. Rikdom av artar er generelt eit gode, fordi det gjer veven sterkare og meir robust. Nokre artsgrupper utgjer likevel ein større og viktigare del av veven enn andre, til dømes insekta. Verda over ser ein no ein alarmerande nedgang i insektbestandane, mellom anna i intensivt drivne jordbrukslandskap. Dette kan bli kritisk når me veit at rundt ein tredjedel av verdas matproduksjon er avhengig av pollinerande insekt.

På toppen av dette kjem både *rekreasjonsverdi* og *eigenverdi.* Rekreasjonsverdien er viktig både for folk privat og for folkehelsa, men kan også nyttast kommersielt. Eigenverdien er den verdien naturen har i seg sjølv, uavhengig av alle slags nytteverdiar me kan få ut av den.



*Humler og andre villbier er nyttedyr, utan aktive kulturlandskap slit dei. Foto: Ingvill Garnås.*



*Den freda apollosommarfuglen er ein fryd for auga. Den treng bratte, berglendte kulturlandskap og er ofte sett i Hjartdal bygd. Foto: Wikimedia Commons.*

## 3.3 Kva trugar naturmangfaldet nasjonalt og lokalt?

Ulike former for endra arealbruk er den klart største negative påverkingsfaktoren for truga artar, både i Noreg og globalt. På andre og tredje plass kjem forureining og påverking frå stadeigne artar. Klimaendringar er også i ferd med å påverke fleire truga artar enn før, særleg i fjellet. Andre viktige påverkingsfaktorar er framande artar og hausting.

Reduksjon og utarming av leveområde som fylgje av endra arealbruk er ein direkte og lett kartleggbar samanheng. Storskalapåverknader som klimaendringar og forurerining er ikkje like lette å sjå effektane av. Det kan også vera at ein ikkje ser effektane før det har gått noko tid. Små forstyrringar på lokalt plan er på same måten vera vanskeleg å fange opp. Av og til verkar også fleire faktorar saman og kan forsterke kvarandre.

Av dei 23 405 artene som er vurdert, står 4957 (21 %) artar på Norsk raudliste for arter 2021. Av desse er 2752 (12 %) rekna som truga. Av desse att har 288 artar status som kritisk truga (CR), 960 artar status som sterkt truga (EN) og 1504 artar status som sårbare (VU).

### 3.2.1 Arealendringar

Hovudtrugsmålet mot truga artar er arealendringar som fylgje av menneskeleg aktivitet. I fylgje Artsdatabanken er dette forklaringa bak statusen til heile ni av ti artar på Norsk raudliste (2021-utgåva). Arealendring som påverkingsfaktor på naturmangfaldet omfattar alle fysiske endringar mennesket påfører landskapet.

| Type arealendring | Tal truga artar som er påverka | Prosentvis påverking på dei truga artane |
|---|---|---|
| Utbygging og utvinning | 1532 | 63 % |
| Skogbruk (hogst, treslagskifte) | 1132 | 41 % |
| Opphøyr av landbruksdrift | 936 | 34 % |
| Jordbruk (oppdyrking, drenering) | 397 | 16 % |
| Inngrep knytt til ferskvatn | 286 | 10 % |
| Inngrep knytt til marine miljø | 60 | 2 % |

*Ulike typar arealendringar som påverkingsfaktorar for dei truga artane våre. Mange faktorar kan verke inn på ein og same art. Kjelde: Artsdatabanken, artikkel knytt til presentasjon av Norsk raudliste 2021.*

Det er fysiske inngrep knytt til utbygging og utvinning som er gjer størst skade for dei truga artane våre. I Hjartdal kommune er ikkje utbyggingspresset så stort, men det er sjølvsagt også her viktig å sjå på naturmangfaldverdiar i aktuelle utbyggingssaker, ikkje minst ved vurderingar av nye hyttefelt, utvidingar eller fortettingar av eksisterande.

Nest etter utbygging og utvinning er arealendringar knytt til skogbruk den største påverkingsfaktoren. Dette heng saman med at heile 48 % av dei truga artane våre heilt eller delvis lever i skog. Lukka hogst (prosentvis hogst, små flater) har ei tid vore rekna som ei betre løysing for å ta vare på naturmangfald enn open hogst (flatehogst av grantre, frøstillingshogst i furuskog), men dette er eigentleg heilt avhengig av at det blir sett att ein del gamle tre og daud ved. Dette er livsmiljøa som mykje av det truga naturmangfaldet er knytt til (NINA-artikkel 2025)

Det er verdt å merke seg at opphøyr av landbruksdrift og eldre driftsmåtar er den tredje største påverkingsfaktoren, og faktisk påverkar over ein tredjedel av dei truga artane negativt. Dette heng mykje saman med at rundt 29 % av alle dei truga artane er knytt til semi-naturleg mark. Ein stor del av dette er naturbeitemark og gamal type slåttemark, det vil seia ugjødsla beitemark og ugjødsla eng som er slege seint på sommaren (medio juli eller seinare). I den grad dei gamle slåttemarkene er gjødsla, er det berre unntaksvis og ev. med små mengder husdyrgjødsel. Kategorien semi-naturleg mark omfattar også slåttemyr og lynghei. Slåttemark og slåttemyr har status som truga naturtypar på norsk raudliste.

Nasjonalt utgjer intensivering av jordbruket ein trussel for rundt 16 % av dei truga artane våre. I Hjartdal kommune er nok opphøyr av landbruksdrift er ein mykje større trussel mot naturmangfaldet enn oppdyrking og drenering. Dette tyder likevel ikkje at ein ikkje skal vurdere naturmangfaldverdiane om det skulle oppstå konkrete problemstillingar og ein potensiell konflikt.

Rundt 10 % av dei truga artane våre er truga av inngrep knytt til ferskvatn. Hjartdal kommune er ein gamal vasskraftkommune, der det stadig også er i gang utgreiingar for å bygge ut meir vasskraft. Førekomstane av raudlistearten elvemusling i elve-leier i Sauland har vore godt kjende i lang tid. Arten har frå 2021 status som sårbar (VU) grunna auka trusselbilete, mellom anna i form av regulering. Mange andre arealendringar knytt til ferskvatn kan også spela inn både for elvemuslingen og andre truga artar knytt til ferskvatn, nasjonalt og lokalt. Blant desse er eutrofiering (gjødsel).

### *Dei samansette effektane*

Arealendringar kan verke inn på mange ulike måtar. Leveområda kan bli både reduserte i areal og meir oppstykka (fragmenterte). Vandringsvegar mellom leveområda (korridorar) kan også bli fysisk stengde eller falle ut på andre måtar. Me har eit par lokale, men slåande døme som syner kvifor ein generelt må sjå på heile landskapsøkologien, ikkje berre på den einskilde arten eller det einskilde leveområdet for seg:

Hjartdal-Svartdal er peika ut som det området i Noreg som har tettast førekomst av gamal type slåtteeng. Dette gjev området ein heilt spesiell og særs stor naturmangfaldverdi. Hovudgrunnen er at tettleiken av engene styrkar samspelet mellom vekstane og dei ville pollinatorane. Fylkesblomen *systermarihand* er ein truga artar med status sårbar (VU). Den er fyrst og fremst knytt til gamal slåttemark og har sitt kjerneområde nettopp i Hjartdal-Svartdal. Samanhengen er at den er særs var for innavl og såleis avhengig av at villbiene (inkl. humlene) ikkje berre flyg frå blom til blom, men frå eng til eng. Blir engene isolerte, vil frøsetjinga gå ned. I og med at blomane kan bli veldig gamle (rundt 90 år), er ikkje dette ein effekt ein ser før det har gått lang tid.

*Villrein* har no status som nær truga (NT) på raudlista. Villreinens leveområde har vore og er under stadig press. Hytteutbygging og anna infrastruktur et av villreinen sine leveområde, samstundes som det både i seg sjølv og gjennom auka ferdsel bidreg til at dyra blir hindra i å vandre både inne i og mellom viktige beite- og kalvingsområde. Tap og oppstykking av leveområde er saman med klimaendringar dei største truslane for villreinen i Noreg i dag. Det gjev kort sagt liten effekt å bevare eit viktig vinterbeiteområde for villrein om ein ikkje på same tid klarer å ta vare på trekk-korridorane som er naudsynte for å kome seg dit.



*Systermarihand på Ambjørndalen i Hjartdal. Foto: Ingvill Garnås.*



*Villrein i Brattefjell-Vindeggen. Foto: Kai Andersen.*

*Arealforvalting*

Kommunen er den viktigaste aktøren i forvaltinga av areala. Dei viktigaste verktøya finn ein i Naturmangfaldlova og Plan- og bygningslova. Når kommunen utarbeider og vedtek arealplanar som har konsekvensar for naturmangfaldet, skal reglane om berekraftig bruk i Naturmangfaldlova kapittel II brukast.

Det er viktig at ein i all arealforvalting tek heilskaplege vurderingar knytt til landskapsøkologien både i fjell, skog og semi-naturleg mark. Kommuneplanen sin arealdel bør brukast aktivt for å ta hand om større naturområde og sjå på samanhengen mellom dei. På same måte må ein også unngå oppstykking av den semi-naturlege marka i randsonene til det meir intensivt drivne jordbrukslandskapet.

Dei store samanhengande naturområda inneheld naturkvalitetar som ein ikkje finn i område som er prega av busetjing, hytter og tekniske anlegg. Mange slike område er viktige leveområde for arealkrevjande artar. Samanhengande naturområde er viktige for at artar skal kunne vandre, anten som ledd i livssyklusen eller for å tilpasse seg endra levevilkår. Områda har difor ein viktig funksjon for naturen si evne til å tilpasse seg klima. Dei same områda har også ofte mykje å seia som friluftsområde med lita grad av tilrettelegging. Den semi-naturlege marka i beltet mellom fulldyrka jord og skog har også mykje å seia for heilskapen, identiteten, trivselen og opplevingsverdiane i bygdene våre.

### 3.2.2 Forureining

Forureining er både internasjonalt og nasjonalt ein stor trussel for mange artar. I Noreg er det ein påverkingsfaktor for ca. 15 % av dei truga artane våre. I Hjartdal er det ingen store kjende utfordringar på dette punktet. Likevel er det sjølvsagt faktorar ein må vera obs og fylgje med på.

På slutten av 60-talet og dei neste to tiåra blei det retta fokus mot sur nedbør og korleis det har ført til *forsuring* av vatn og vassdrag i Noreg. Frå 90-talet av har det vore ei positiv utvikling, men det tek mange stader tid før naturmangfaldet får teke seg inn att. Hjartdal kommune har likevel få kjende utfordringar med dette i dag, det er lite eller inga kalking.

*Eutrofiering* kan potensielt vera ei større utfordring lokalt. Dette er ei miljøpåverking som inneber auka tilførsel av næringsstoff, til dømes av nitrogen. Artane som lever i det påverka området kan få problem både på grunn av det endra næringsinnhaldet og den redusere oksygentilgangen. Dette gjeld spesielt i vassdrag, men også på fastmark. Fisk, vasslevande insekt og planter er spesielt sårbare for slik forureining. Årsakene ligg ofte i avrenning frå landbruk (gjødsling), men kan også koma av spreidde avløp eller lekkasjar frå offentlege leidningsnett. Eksos frå langtransport kan også verke inn. Generelt reknar ein miljøtilstanden for å vera god i dei fleste vassførekomstane i kommunen.

*Hageavfall* kan også utgjera ein trussel. Sjølv om hageavfall brytast ned over tid, kan det innehalde frø og planterestar av framande artar som kan etablere seg i naturen (sjå også kap. 3.2.3). Mange hageplanter kan også vera berarar av sjukdomar som kan overførast til planter  i naturen.

*Farleg avfall* inneheld gjerne tungmetall og/eller andre miljøgifter. Miljøgifter er kjemiske forbindingar som brytast ned særs sakte eller ikkje i det heile. Dei kan hope seg opp i

levande organismar og akkumulerast oppover i næringskjedene. I ytste konsekvens kan det føre til redusert formeiringsevne og at nokre artar går ut i eit område. For å unngå at miljøgifter hamnar i naturen er det viktig at farleg avfall takast hand om på ein forsvarleg måte.

### 3.2.3 Påverking av andre artar

*Stadeigne artar*

Rundt 9 % av dei truga artane i Noreg er negativt påverka av andre stadeigne artar. Mykje av dette er relatert til konkurransesterke artar blant karplantene. Dei kan fort ta over og slik redusere mangfaldet om tilhøva ligg til rette for det, til dømes ved attgroing. For truga sopp- og lableiar kan store hjortedyrbestandar gjera skade på livsmiljøet. Truga fugleartar kan bli meir utsett ved auka predasjonstrykk og mindre utval av andre byttedyr.

*Framande artar*

Framandartslista er ei opplisting og kategorisering av artar som kan vera til skade for og/eller fortrenge stadeigne artar, anten nasjonalt eller regionalt. I Artsdatabanken sitt Artskart kan ein søke opp registrerte funn av framandartar i ulike risikokategorir, både listevis og i kart. Ein kan også få fram faktaark om dei aktuelle artane. For Hjartdal kommune ligg det i skrivande stund inne 417 observasjonar fordelt på 58 artar innanfor kategoriane svært høg (SE), høg (HI) eller potensiell høg (PH) risiko. Registreringane er så langt litt sporadiske, men like fullt eit viktig kunnskapsgrunnlag og verkty for vidare registreringar.

Framande artar trugar rundt 6 % av dei truga artane våre. Den generelt mest utsette artsgruppa er lav, dette på grunn av dei sjukdomsførande soppane almesjukesopp og askeskotbeger, båe i kategorien særs høg risiko (SE) på Framandartslista. Særs mange lavartar er nemleg knytt nett til alm og ask. Dette gjeld også ein del soppartar. Alm og ask er i seg sjølv også rekna som truga artar. I Hjartdal er det mange gamle styvingstre av alm og ask, desse bør ein fylgje spesielt med på. Førebels har ein observert noko askeskotsjuke i Hjartdal bygd, men ikkje almesjuke. Styving kan vera med og halde sjukdomane i sjakk og forlenge levetida til trea. Det finst også vaksinar, truleg mest aktuelt på små førekomstar.

For naturmangfaldet langs og rundt vegane våre er framleis hagelupin (SE) ein stor trussel, snart tjuge år etter at arten hamna på «Svartelista» (tidlegare namn på Framandartslista). Hagelupin er i ferd med å breie om seg også i Hjartdal kommune. Noko er det i alle bygdene, men aller verst er det langs veg- og jordekantar i Sauland. Det er særs viktig å stoppe vidare spreiing, slik at ikkje meir av det stadeigne naturmangfaldet av markblomar og villbier går tapt. Dette fordrar ein stor innsats både frå vegvesenet, kommunen og private. For faglege råd kan ein sjå til faktaark frå FAGUS (Faglig utviklingssenter for grøntanleggssektoren) FAGUS Fakta: Lupin — FAGUS.no

Når det gjeld vatn og elver, er det kjent at det er observert ørekyt (SE) i Breivatn i Hjartdal, moglegvis også i andre vatn og elver i kommunen - utan at dette så langt er registrert i Artsdatabanken. Ørekyt er ein regionalt framand, spreidd mellom anna ved at den er blitt nytta som agn. Den er ein sterk konkurrent til aure. Andre stader i fjellheimen er den blitt eit stort problem, i Hjartdal har den til no ikkje gjort så mykje ut av seg.

Av andre framandartar reistrert i kommunen kan nemnast raudhyll, fagerfredlaus, valurt, gravbergknapp, parkslirekne og kjempeslirekne (alle SE), bekkerøye (HI) og kanadagås (HI).

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark utarbeidde i 2020 ein handlingsplan mot framande artar. I denne er det slege fast at regionen er ein «hot-spot» for introduksjon av framande artar, dette grunna nærleik til kontinentet, spreiingsvegar både i sjø og vassdrag, høg befolkningstettleik og mykje reising. På nasjonalt nivå jobbast det med regelverk som gjer det vanskelegare å innføre framande artar ved import av varer.

Kommunalt er det viktig at det blir lagt føringar og utarbeida retningsliner for handtering av framande artar ved all aktuell sakshandsaming, til dømes for prosjekt som inneber flytjing av massar. Mellom private er det generelt viktig at folk veit kva for planter dei alt har og ev. tilfører i hagane sine. Miljødirektoratet har utarbeida digitale rettleiarar for private på denne tematikken; Unngå spredning av fremmede arter fra hagen din - miljodirektoratet.no



*Lupin spreier seg langs veg- og jordekantar i Sauland, men også i dei andre bygdene. Foto: Ingvill Garnås.*



*Vegkant med stadeigne markblomar, slik me helst vil ha.*
*Foto: Ingvill Garnås.*

### 3.2.4 Klima

Klimaendringar utgjer stadig ein større del av den negative påverkinga på naturmangfaldet vårt, både til lands og til havs. Rundt 8 % av dei truga artane våre er negativt påverka av klimaendringar. Artar knytt til fjellet (alpin jorddekt fastmark) utgjer rundt 60 % av desse.

Klimaendringane kan generelt føre til store svingingar i temperatur, nedbør og vind. I tillegg er det forventa eit i snitt mildare klima. Ifølgje Klimaprofil for Telemark vil gjennomsnittstemperaturen auke med 4,0 °C fram mot 2100, medan årsnedbøren er venta å stige med 10 %. Snøsesongen i Telemark vil bli 1-4 månadar kortare, med størst reduksjon i midtre strøk i fylket. Vekstsesongen vil auke med 1-3 månadar, og mest nær kysten. Det vil fortsatt vera einskilde år med betydeleg snøfall sjølv i lavlandsområde. Det vil også bli fleire smelteepisodar om vinteren som fylgje av auka temperatur. Høgereliggjande fjellområde kan framleis få aukande snømengder fram mot midten av århundret. Etter dette er et venta at auka temperatur vil føre til mindre snømengder også i desse områda, med unnatak for einskilde høgfjellsområde (Norsk klimaservicesenter 2024).

Eit mildare klima kan verke positivt inn for nokre artar, og negativt for andre. Artar med ei nordleg utbreiing er mest utsett for dei negative effektane. Artar som trekkjer over store område vil også bli hardt påverka, blant anna vil dette gjelde 80 % av trekkfuglane.

Det er fjell- og fjellnære område ein ser og vil sjå dei raskaste endringane. Samansetjinga av artar i vegetasjonen vil endre seg og tregrensa vil krype oppover. Fleire av naturtypane har artar som er avhengige av eit visst snødekke gjennom vinteren. Karplanter i mellomalpin sone, snøleier og frostmark er særleg sårbare for sesongendringar og attgroing.

Endra klimatiske tilhøve vil også verke inn på såkalla nykkelartar og paraplyartar i fjellet. Ein *nykkelart* er ein art som har stor påverknad på andre artar i eit økosystem og dermed på strukturen og stabiliteten til økosystemet. Eit kjend døme i fjellet er lemenet. Mange rovfuglar, ugler og rovpattedyr utnyttar lemenåra til reproduksjon. Nokre artar er avhengige av store bestandar av lemen eller andre smågnagarar for å fø opp ungane sine. Det er usikkert korleis endringar i klimaet alt har virka inn eller vil koma til å virke inn på lemensyklusen, men absolutt noko ein må fylgje med på. En *paraplyart* er ein art som når den blir teke vare på, samstundes beskyttar mange andre artar i same økosystem. Det er gjerne snakk om store dyr som nyttar store område. Det nordlege og lokale dømet på dette er villreinen. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen, sidan mesteparten av den lever i Noreg. Den har har status som nær truga (NT) på raudlista (2021). Klimaendringane kan føre til ulike utfordringar for villreinen i Brattefejell-Vindeggen, mellom anna hyppigare episodar med nedising av beite, slik ein lenge har hatt problem med i Setesdals-Ryfylkeheiene.

Naturen har sjølv råder for å motverke klimaendringane og dempe effektane. Både skog og semi-naturleg mark bind karbon. Dette er felt det blir forska mykje på i dag. Våtmark, myrer, elvebreidder og skog kan også mellomlagre plutseleg aukande vassmengder og virke flaumdempande. Kort sagt er det ingen andre stader alt heng så saman med alt som i naturen. Dette er det viktig å ha respekt for i all samfunnsplanlegging, ikkje minst i samband med revideringar av Kommuneplanens arealdel.

### 3.2.5 Hausting

"Hausting" er ein brei kategori som omfattar alt frå flora- og faunakriminalitet, sanking og hausting, regulert og uregulert jakt, fangst og fiske. I tillegg kjem indirekte negativ effekt ved hausting av andre artar si næring. Artsgruppene fisk, pattedyr, fuglar og karplantar har flest artar som er negativt påverka av tidlegare eller pågåande hausting. Me veit at dette gjeld for 55 (2%) av dei truga artane våre.

Jakt, fangst og fiske har lange tradisjonar i kommunen vår. Det er ein viktig del av den lokale kulturen knytt til matauk, og i tillegg ein syssel generasjonane tradisjonelt sett har vore saman om. I dag er jakt, fangst og fiske i større grad ein fritidssyssel regulert av jakttid og avgrensingar. Uttaka er tilpassa ei berekraftig forvalting. Dette vurderast difor ikkje å vera ei utfordring for naturmangfaldet i Hjartdal kommune i dag. Like fullt er det viktig å sikre rekruttering og vidareføre kunnskap om dette emnet til nye generasjonar.

Redusert hausting er på mange måtar heller ein trussel for naturmangfaldet i Hjartdal kommune. Mykje av naturmangfaldet vårt er som det går fram av kap. 3.2.1 knytt til det gamle haustingslandbruket, med slått og beite i ugjødsla mark og utstrakt bruk av fjellet både til stølsdrift og sanking av vinterfôr. Bortfallet av stølsdrift har i tillegg medført mindre vedhogst i fjellet og samansetjing av beitedyr i fjellet er mykje endra. Alt dette har påverka naturmangfaldet vårt i negativ retning, både nede i bygdene og innover fjellet.

### 3.2.6 Friluftsliv og turisme

Forstyrring frå turisme og rekreasjonsaktivitetar er saman med anna type støy og ferdsel negativt for 164 (6 %) av dei truga artane våre.

Hjartdal er ein friluftslivskommune, med dei positive effektane det har for trivsel og folkehelse. Diverre kan ferdsel i naturområde også ha negative effektar på landskap, naturtypar og artar som lever der. Dette gjeld helst for særleg sårbare område og/eller særleg sårbare artar, men også for område med veldig mykje ferdsel.

Villrein er eit eksempel på ein art som er særleg sårbar for forstyrring gjennom ferdsel. I kalvingstida er dei på sitt mest sårbare. Samanfallet med påsketider og mykje skigåing i fjellet kan vera ei utfordring. Det er viktig å kanalisere skiløyper og anna ferdsel vekk frå desse. Det er ei rekkje andre viltartar som også er sårbare for forstyrringar, og særleg i hekke- og yngletid.

Det er fullt mogleg å legge til rette for friluftsliv og i sårbare naturområde, men det krev god bakgrunnskunnskap og planlegging. Ein bør i utgangspunktet satse på nærmiljøa til sentrums-, bustad- og hytteområda, basere seg på å bruke terrenget slik det er, avgrense og samle ev. inngrep og sjå til at ein ikkje mistar viktig variasjon. Ved vidareutvikling av gamle eller etablering av nye friluftsområde, turvegar eller stigar er det viktig fyrst å få oversikt over naturtypar og artsmangfald i det aktuelle området. Ferdsel bør så kanaliserast utanom sårbare naturtypar og/eller leveområde for sårbare artar, og leggast i terreng som greitt toler slitasje som trakk og sykling. For mange vil dette vera opplagt, da friluftsliv og naturglede oftast går hand i hand. Det kan likevel vera greitt å formalisere det som føringar i naturmangfaldplanen.

## 4 Naturmangfaldet i Hjartdal kommune

Hjartdal kommune er ein utprega skogkommune med eit totalt areal på 792 km$^2$. Av totalarealet er om lag 55 % skog, 30 % open fastmark og 7 % ferskvatn. Under 0,5 % av kommunen sitt areal er bebygd (0,71 km$^2$) eller vegareal (2,34 km$^{2)}$. Mest 30 % av arealet er verna. Sjå full arealstatistikk på Statistisk sentralbyrå 2025. Det er stor høgdegradient i kommunen, frå Ørvella som ligg på ca. 60 meter over havet opp til Gaustaråen på 1615 meter over havet. Dette gjev stor variasjon i klima og vegetasjon (FORUT 2005).

Berggrunnen har mykje å seia for jordsmonn, vegetasjon og biologisk mangfald generelt. I Hjartdal kommune er berggrunnen dominert av kbleisitt og sure lågbergartar, som rhyolitt. Innimellom finn ein også innslag av kalkrike bergartar som gabbro/amfibolitt og leirskifer, mellom anna i Hjartdal Nordbygd og i på nordsida av Sauland. I mange tilfelle kan lausmassar i form av moreneryggar og breelv-avsetjingar redusere kontakten med berggrunnen og føre til fattigare vegetasjon. På grusmoar og moreneryggar er det såleis som regel blåbær- eller røsslyngmark.

Gamal skog, gamal kulturmark og vassrike landskap er elles dei omgjevnadene som oftast borgar for det høgaste biologiske mangfaldet.

Gamalskog med mykje skjegglav og innslag av daud ved, hole trestammer, høge stubbar og liknande er særs viktig å ta vare på. Det same gjeld gamle ekstensivt drivne kulturmarkslag som naturbeitemark, slåttemark, slåttemyr og hagemark eller haustingsskog med gamle styvingstre. I Hjartdal kommune finn ein innslag av dette både innanfor og utanfor dei nasjonalt registrerte og/eller utvalde kulturlandskapa, også i fjellområda. Hjartdal bygd skil seg litt ut med kombinasjonen av artsrike skogtypar og artsrike seminaturlege naturtypar som slåttemark og naturbeitemark (seminaturleg eng).

Når det gjeld vatn og vassdrag har kommunen to hovuddalføre. Det eine dalføret går i aust-vestleg retning, og her renn Hjartdøla. I det andre dalføret, som går i nord-sørleg retning i den austlege delen av kommunen, renn elva Skogsåi (FORUT 2005). Det er elles mange elver, myrar, tjern, vatn og innsjøar i kommunen, noko som gjev gode høve for ande- og vadefuglar. Grunne vatn med mange øyar og myrlende er ofte gode biotopar for insekt, amfibia og fuglar, sjølv på næringsfattig berggrunn. Nord og vest i kommunen er mange av dei store vatna og innsjøane vel og merke regulerte, dei største er Bonsvatn, Vindsjåen, Kovvatnet, Skjesvatn og Breivatn.

Hjartdal kommune har generelt eit rikt innslag av stor- og småvilt. Alle dei norske hjorteviltartane elg, rådyr, hjort og rein har sine leveområde i kommunen. Det finst også viktige viltområde for blant anna hønsefugl og rovfugl i ulike delar av kommunen.

## 4.1 Offentlege kartleggingar

Det er ikkje gjennomført noko overordna kartlegging av naturmangfaldet i kommunen som heilskap. Ei av dei viktigaste sidene ved kommunale naturmangfaldplanar er at ein får på plass ei samanstilling av eksisterande data/kartleggingar og eit system for å legge inn nye (ved rullering av planen). Ein må likevel vera klar over at det heile tida vil vera snakk om eit augeblinksbilete. Sidan naturmangfaldet er dynamisk, med større og mindre endringar over tid, vil det kontinuerleg vera trong for oppdateringar. I tillegg er metodane for naturkartlegging også i endring, med ei heilomvelting berre dei seinare åra.

Frå 2015 er naturkartlegging i regi av det offentlege gjort ved hjelp av metoden Natur i Norge (NIN). Målet med NIN er å gje fagmiljø og institusjonar som jobbar med natur eit felles og nøytralt omgrepsapparat for all natur og naturvariasjon i Noreg. Den føregåande kartleggingsmetoden blei utført etter DN-handbok 13 frå 1999 (HB13) og var meir basert på å bestemme naturtypar og setje verdi på lokalitetane. NIN-metoden har alt rukke å koma i fleire versjonar, der 3.0 så langt er den siste. *Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks* er framleis bygd på versjon 2.0 og må seiast å vera ein god del enklare å forstå. Den er bygd opp kring fem hovudøkosystem; fjell, open mark i låglandet, skog, våtmark og seminaturleg mark, og omfattar per no 111 naturtypar.

Naturmangfaldlova definerer naturtype som: *ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster.*

Ein introduksjon til NIN er å finne på denne lenka; Natur i Norge 3.0 - Natur i Norge

Oppslagsverk og «søkemotor» knytt til Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks finn de på denne lenka; *111 naturtyper etter Miljødirektoratets instruks - miljodirektoratet.no*

### 4.1.1 Naturtypelokalitetar etter HB13

Pr. 28.04.2025 er det i Hjartdal kommune registrert 230 naturtypelokalitetar etter «gamlemåten», HB13. Av desse 230 har 188 viktig/regional verdi (B-verdi) eller særs viktig/nasjonal verdi (A-verdi), Kriteria for å vurdere om ein lokalitet har A- eller B-verdi er mellom anna avhengig av samla artsmangfald, innslag av raudlisteartar, storleik og nærleik til andre lokalitetar. Blant A- og B-lokalitetane i Hjartdal kommune er det flest innanfor naturtypane slåttemark (35), naturbeitemark (10), hagemark (5), haustingsskog (7), store gamle tre, inkl. hole eiker (24), rik barskog (7), gamal granskog (18), kalkbarskog (12), sandfuruskog (9), rik blandingsskog i låglandet/rik låglandsblandingsskog (13), rik edellauvskog (8) og bekkekløft og bergvegg (10). Lokalitetane ligg spreidd og litt «klumpvis» fordelt, men den samla variasjonen må seiast å vera stor.


### 4.1.2 Naturtypelokalitetar etter NIN

Pr. 28.04.2025 er det i Hjartdal kommune registrert 247 naturtypelokalitetar etter NiN-metoden. Av desse fell 92 lokalitetar innanfor truga naturtypar jf. Norsk raudliste for naturtypar (v2018). Dei truga naturtypane det er registrert flest lokalitetar av innafor NiN-systemet i Hjartdal kommune er per no slåttemark* (12), naturbeitemark* (31), og boreal hei (17). Andre truga naturtypar det er registrert NiN-lokalitetar av i kommunen er slåttemyr (3), semi-naturleg eng* (2), hagemark* (5), flomskogsmark (7), rik gransumpskog (2), lågurtfuruskog (1), kalklågurtfuruskog (1), tørkeutsett kalkgranskog (1), kalkfattig og intermediært snøleie (1) og våtsnøleie og snøleiekjelde (1). Desse naturtypane er nærare skildra i kapittel 4.2.


Det er noko overlapp mellom lokalitetane kartlagt etter HB13 og NIN, til dømes for 4 lokalitetar innanfor slåttemark. Det er på sikt eit mål at alt skal vera fanga opp i NiN, slik at oversiktar som dette blir meir konsistente.

### 4.1.3 Utvalde naturtypar

Utvalde naturtypar er naturtypar som anten er truga i Noreg, er viktig for ein eller fleire prioriterte artar, er truga internasjonalt, eller har vesentleg andel av si naturlege utbreiing i Noreg. I Hjartdal kommune er tre utvalde naturtyper frå HB13 representert, og dette er *slåttemark, slåttemyr og hole eiker.*




*Kart frå søk i Naturbase mai 2025: Naturtypar etter HB13. Alle avmerka lokalitetar har A- eller B-verdi, dei oransje og burgundre er i tillegg utvalde naturtyper, omsynsvis slåttemark eller gamle eiketre. Dei øvrige, grøne, er naturtypar av ulike slag.*




*Kart frå søk i Naturbase mai 2025: Naturtypar etter NIN. Alle avmerka lokalietar er kartlagt etter NIN-metoden, men etter ulik nøyaktighetsgrad. Lyseblått syner at området er undersøkt, lilla syner avmerka lokalitetar, som så er kartlagt anten i målestokk 1:5000 eller 1:20000. Det er førebels lite overlapp med HB13. Ein må sjekke båe.*

### 4.2 Skildring av truga naturtypar me finn i Hjartdal kommune

Dette kapittelet inneheld skildringar av dei truga naturtypane me finn i Hjartdal kommune. Kjelde er Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks, basert på NIN 2.0 og sortert etter hovudøkosystem. I tillegg har me teke med naturtypen Bergvegg og bekkekløft frå HB13.

.

# SEMI-NATURLEG MARK

*Boreal hei – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Boreal hei er en åpen naturtype uten et dominerende tresjikt. Naturtypen er dominert av dvergbusker/lyng (røsslyng, dvergbjørk, krekling, einer) og i kalkrike områder av engarter. Boreal hei er et resultat av hogst og rydding av skog og påfølgende sommerbeiting med husdyr. Naturtypen finnes i hele landet, men med tyngdepunkt i mellomboreal og nordboreal bioklimatisk sone. I Sør-Norge er den særlig knyttet til stølsområder i fjellet.*

*SEMI-NATURLIG ENG – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Semi-naturlig eng omfatter de underordnede naturtypene Slåttemark og Naturbeitemark. Slåttemark omfatter igjen Lauveng, og Naturbeitemark omfatter igjen Hagemark. Semi-naturlig eng er engpregete økosystemer som er formet gjennom langvarig ekstensiv hevd (beite eller slått) og bruk til jordbruksproduksjon gjennom lang tid. Engene kan være åpne eller tresatte. Semi-naturlig eng har ikke synlige fysiske spor etter pløying eller tilsåing med fôr- og matvekster og ingen/svake spor etter gjødsling og/eller sprøyting. Naturtypen har ofte et stort artsmangfold, særlig av karplanter, sopp og insekter. Artsdiversiteten varierer med kalkinnhold, vannmetning og region.*

*Naturbeitemark – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Naturbeitemark er en semi-naturlig eng med langvarig ekstensiv hevd gjennom beiting, uten fysiske spor etter pløying eller tilsåing med fôr-og matvekster og ingen/svake spor etter gjødsling. Enga har beitemarkspreget (SP-0) hvor artene beites selektivt, noe som fører til heterogenitet i artssammen-setning og struktur, samt ofte en større dekning av graminider enn urter. Heterogenitet forsterkes gjennom avføring og tråkk fra beitedyrene. Naturbeitemark kan ha et stort artsmangfold, særlig av karplanter, sopp og insekter. Artsdiversiteten varierer med kalkinnhold, vannmetning og regionalitet.*

*Undertype Hagemark*

*Hagemark inngår i naturtypen Naturbeitemark, som igjen er en variant av Semi-naturlig eng. Hagemark er åpen tresatt naturbeitemark med langvarig ekstensiv hevd gjennom beiting. Naturtypen skal ikke ha fysiske spor etter pløying eller tilsåing med fôr- og matvekster og ingen/svake spor etter gjødsling. Hagemark kan inneholde styvingstrær, men dette er ikke noe krav. Enga har beitemarkspreg, som vil si at artene beites selektivt, noe som fører til heterogenitet i artssammensetning og struktur, og det er ofte en større dekning av gressplanter enn av urter. Heterogeniteten forsterkes gjennom avføring og tråkk fra beitedyrene. Hagemark kan ha et stort artsmangfold, særlig av karplanter, sopp og insekter. Artsdiversiteten varierer med kalkinnhold, vannmetning og region.*

### *Slåttemark – Truga naturtype, kategori kritisk truga (CR)*

*Slåttemark er semi-naturlig eng med langvarig ekstensiv hevd gjennom regelmessig slått ofte i kombinasjon med vår-/høstbeite, ingen synlige fysiske spor etter pløying, eller tilsåing med fôr-og matvekster og ingen/svake spor etter gjødsling. Naturtypen har slåttemarkspreg (SP-a) der artene er jevnt fordelt i enga og artssammensetning er dominert av urter framfor gras. Slåttemarkene har ofte et høyt artsmangfold, særlig av karplanter, sopp og insekter. Artsdiversiteten varierer med kalkinnhold, vannmetning og regionalitet.*

#### *Undertype Lauveng*

*Lauveng er underordnet enhet til Slåttemark, som igjen er en underordnet naturtype i Semi-naturlig eng. Lauveng er en tresatt slåttemark som har vært i langvarig utstrakt bruk gjennom regelmessig slått, ofte i kombinasjon med vår/høstbeite, uten fysiske spor etter pløying eller tilsåing med fôr- og matvekster og ingen, eller svake, spor etter gjødsling. Tresjiktet inneholder løvtrær som blir eller har blitt høstet ved stubbelauving eller styving. Enga er slåttemarkspreget hvor artene er jevnt fordelt utover i enga, og artssammensetning er dominert av urter framfor gras. Naturtypen har ofte et stort artsmangfold, særlig karplanter, sopp og insekter. Artsdiversiteten varierer med kalkinnhold, vannmetning og med region.*
Finst berre historisk i Hjartdal kommune, i praksis gått over til hagemark med styvingstre i.

## FJELL

### *Kalkfattig og intermediært snøleie – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Kalkfattig og intermediært snøleie inngår i den overordnede naturtypen Snøleie, som ikke kartlegges i seg selv. Kalkfattig og intermediært snøleie er jorddekt, næringsfattig fastmark med etablert vegetasjon og langvarig snødekke som begrenser vekstsesongens lengde. Naturtypen forekommer i områder med næringsfattig berggrunn eller løsmasser, hovedsakelig i lavalpin og mellomalpin bioklimatisk sone, men også i høyalpin sone og i den arktiske tundrasonen. Naturtypen omfatter både tidlige-/moderate snøleier, sene snøleier og ekstremsnøleier avhengig av snødekkets utsmelting gjennom sesongen. Jordflyt er vanlig og øker i intensitet med økende snødekkevarighet. Med unntak for dvergvierartene spiller vedaktige planter en underordnet rolle, mens lite næringskrevende urter, grasvekster og moser kan dominere. Arealandelen av snøleier øker fra kontinentale mot oseaniske områder.*

### *Våtsnøleie og snøleiekilde – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Våtsnøleie og snøleiekilde omfatter mer eller mindre langvarig snødekt mark som tilføres smeltevann fra ovenforliggende snøskavler eller breer gjennom store deler av vekstsesongen. Naturtypen har derfor høy markfuktighet og et langvarig snødekke som gir opphav til en artssammensetning med innslag av både snøleiearter og arter typiske for myr og kilde. Våtsnøleier og snøleiekilder kan variere fra moderate til ekstreme snøleier, og har mer eller permanent overrislet mark med en viss grad av kildevannspåvirkning. Våtsnøleier og snøleiekilder finnes hovedsakelig i lavalpin og mellomalpin bioklimatisk sone, men kan også finnes med spredte forekomster i høgalpin sone.*

# SKOG

### *Kalk- og lågurtfuruskog – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Kalk- og lågurtfuruskog omfatter tørre barskoger med innslag av lågurter, i hovedsak tørr, furudominert skog. Tørr, grandominert skog kan finnes, hovedsakelig på sterkt kalkrik mark og middels uttørkingsfare. I tillegg kommer sesongfuktige utforminger. Kalk- og lågurtfuruskog er en overordnet naturtype og omfatter Lågurtfuruskog, Kalkfuruskog og Tørkeutsatt kalkgranskog.*

#### *Undertype: Lågurtfuruskog*

*Lågurtfuruskog omfatter rikere furuskoger og har gjerne innslag av lågurter som skogfiol, legeveronika, jordbær, teiebær, knollerteknapp, liljekonvall og relativt spredt/flekkvis utviklet lyngsjikt. I tillegg finnes ofte fingerstarr, hengeaks, bergrørkvein, samt varmekjære kantarter som blodstorkenebb. Lågurtfuruskogen opptrer i hovedsak i to situasjoner; som mosaikker med Kalkfuruskog på kalkplatåer og kalkrygger, eller som mindre flekker i ellers fattig lyngskog på fattigere bergarter. I fattig-områder kan Lågurtfuruskog opptre der det er kombinasjon av varmt mikroklima, svak påvirkning av elektrolyttrikt sigevann og rasmarkspåvirkning eller annet forvitringsmateriale fra lokalt rikere bergarter. Lågurtfuruskogen er et viktig hotspot-habitat for svært mange truete (kalk)arter.*

#### *Undertype: Tørkeutsatt kalkgranskog*

*Tørkeutsatt kalkgranskog omfatter de fleste kalkgranskoger og kjennetegnes gjerne ved å inkludere grunnlendte og gjerne sterkt moserike granskoger langs kalkrygger, eller sesongfuktige utforminger i små forsenkninger i terrenget som blir påvirket av sigevann (jordvann i bevegelse. De grunnlendte granskogene har ofte oppstikkende svaberg med karstformer (hull og groper; karstkalkgranskog) eller bergheng og kalkblokker. Disse mangler ofte kalkplanter og defineres med grunnlag i topografi (helt grunnlendt mark), og eventuelle kjente forekomster av kalksopper. De sesongfuktige utformingene kan være frodige, ofte liljekonvall-dominerte, og med kalkarter, særlig orkidéer som rødflangre, skogmarihånd, stortveblad og marisko. Tørkeutsatt kalkgranskog er ikke en egen vurderingsenhet på Norsk rødliste for naturtyper (2018), men inngår i den overordnede naturtypen Kalk- og lågurtfuruskog.*

### *Flomskogsmark – Truga naturtype, kategori sårbar (VU)*

*Flomskogsmarka er sterkt påvirket av flomvann som bidrar med en stedvis sedimentering av næringsrikt finmateriale og stedvis erosjon. I tillegg til flompåvirkningen har naturtypen som regel også høy grunnvannstand og gjerne påvirkning av sigevann/kildevannstilførsel fra landsiden. Flomskogsmarkmiljøer kan ofte være svært dynamiske, med stadig skiftende flomløp og sedimentasjonsbanker. Skogen kan ha stått svært lenge, selv om de mest flomutsatte områdene gjerne er dominert av glissen, ofte ganske ung krattskog som må tåle mye "juling". De mest ekstreme flommarkskogene er dominert av vier og pilarter, som for eksempel mandelpil og doggpil, mens flommarkskog på litt mindre eksponerte steder ofte er dominert av gråor.*

### *Rik gransumpskog – Truga naturtype, kategori sterkt truga (EN)*

*Rik gransumpskog inngår i den overordnede enheten Myr- og sumpskogsmark, som ikke kartlegges i seg selv. Rik gransumpskog er karakterisert av ofte høyproduktiv granskog, gjerne med hyppige vindfall på grunn av et svært grunt rotsystem. Innslag av kravfulle arter som sumphaukeskjegg, mjødurt og enghumleblom er karakteriserende, med arter som bekkeblom og bekkekarse langs bekker og kildehorisonter. Torvdannelse er manglende eller ubetydelig. De rikeste gransumpskogene er antageligvis normalt sterkt kildepåvirket. Svært rike kilde/sumpgranskoger ser vi særlig typisk i Østerdalen, med morenedekke over kalkrik berggrunn, der mye kalkrikt sigevann presses fram langs bekker og fuktdrag.*

# VÅTMARK

### *Semi-naturlig myr – Truga naturtype, kategori sterkt truga (EN)*

*Semi-naturlig myr omfatter den underordnede naturtypen Slåttemyr. Slåttemyr omfatter igjen Sørlig slåttemyr. Semi-naturlig myr er jordvannsmyr som er preget av langvarig bruk gjennom slått eller beite. Ei semi-naturlig myr i gjengroing vil regnes som semi-naturlig så lenge endringene skyldes opphør av bruk og ikke andre naturlige prosesser (eks. forsumping, torvakkumulasjon som ikke kan relateres til gjengroingsprosessen) eller påvirkning fra annen bruk eller inngrep (drenering, torvtekt, m.m.). Semi-naturlig myr har større grasdominans enn annen jordvannsmyr. Slåttepreget semi-naturlig myr fremstår med relativt jevn overflate uten, eller med svake, myrstrukturer, og artene er relativt jevnt fordelt. Beitepreget semi-naturlig myr har innslag av arter som favoriseres av moderat forstyrrelse fra dyretråkk og svak nitrogengjødsling. Beitepreget semi-naturlig myr kan også ha en noe ujevn overflate med tilløp til lave tuer på myrflata med påfølgende innslag av busker og kratt ved gjengroing etter skader fra dyretråkk, men disse danner ikke naturlig vekslende strukturer slik som på myr uten beitepåvirkning.*

#### *Undertype Slåttemyr*

*Slåttemyr inngår i den overordnede naturtypen Semi-naturlig myr. Slåttemyr er jordvannsmyr som er preget av langvarig bruk gjennom slått. Etter opphør av bruk vil arealet fortsatt regnes som slåttemyr så lenge myra er preget av de økologiske prosessene som skyldes tidligere bruk. Ei slåttemyr i gjengroing vil da regnes som slåttemyr så lenge endringene skyldes opphør av bruk og ikke andre naturlige prosesser (eks. forsumping, torvakkumulasjon som ikke kan relateres til gjengroingsprosessen) eller påvirkning fra annen bruk eller inngrep (drenering, beiting på tidligere slåttemyr, m.m.). Slåttemyr har større grasdominans enn annen jordvannsmyr og fremstår med en relativt jevn overflate uten, eller med svake, myrstrukturer, og artene er relativt jevnt fordelt.*

# BEKKEKLØFT OG BERGVEGG

*Bekkekløft og bergvegg*

Naturtypen Bekkekløft og bergvegg frå HB13 er ikkje erstatta med ei eiga naturtype i NIN. Den var heller ikkje med i raudlista for natyrtypar. Bekkekløft inngår no som variabel innanfor temaet landform. Sidan det er registrert ein del lokalitetar av denne gamle naturtypen i Hjartdal kommunen, er det likevel greitt å ta med ei skildring. Me nyttar ei rettleiing henta frå Landbruksdirektoratet knytt til miljøkartlegging i skog (MIS) og samkøyring med NIN:

*Markerte kløfter i berggrunnen utgjør et særegent livsmiljø. Bekken i bunnen av kløften vil avgi fuktighet til luften omkring, og på grunn av topografien vil luftfuktigheten være permanent høy i bekkekløften. I tillegg vil næringsstoffer samle seg opp mot bunnen av kløften, slik at vegetasjonstypene ofte er rikere her enn i omgivelsene. Bekkekløfter er viktige livsmiljøer for mange arter som krever fuktig miljø, som for eksempel moser på død ved og hengelav på bartrær. Bekkekløftene utviser stor variasjon. Særlig stor variasjon finnes i øst–vest gående bekkekløfter. Her finner vi gjerne både sydvendte og nordvendte bergvegger i samme kløft. Et spesielt miljø som finnes i slike kløfter er kombinasjon av høy varmeinnstråling på sydvendt side sammen med høy luftfuktighet generelt i kløften. I bekkekløfter i Gudbrandsdalen forekommer arter som ikke er funnet andre steder i Norge, som f.eks. skogsranke og sudetlok. Telemark og Buskerud har også forekomster av særlig viktige bekkekløfter.*

*Bergvegger utgjør det mest artsrike levestedet for moser, og også svært mange lableier er knyttet til dette miljøet. De fleste rødlistede artene er fuktighetskrevende, og spesielt viktige miljøer for bergveggsarter finner vi i bekkekløfter og i fuktige nordhellinger (Vestlandet). Rødlistearter knyttet til fuktige og fattige bergvegger har sin viktigste utbredelse på ytre Vestlandet, mens rødlistearter knyttet til rike bergvegger i hovedsak finnes på Østlandet og i Nord-Norge.*

### 4.3 Verneområde og naturreservat

I Hjartdal kommune er det seks område som er verna etter Naturvernlova, no Naturmangfaldlova. Dei viktigaste verneføremåla for desse områda er lista opp i tabellen under:

| Type vern | Naturvernområde | Viktigaste verneføremål |
|---|---|---|
| **Landskapsvernområde** | Brattefjell-Vindeggen | Å ta vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.<br>Å ta vare på det biologisk mangfaldet i området, med **villreinstamme** og rikt plante- og dyreliv.<br>Å ta vare på verdifulle **kulturlandskap** og kulturminne. |
| **Fuglefredingsområde** | Flottin | Å ta vare på det rike fuglelivet og fuglane sitt livsmiljø i området, særleg med sikte på å verne **hekkeplassane for fleire fugleartar i utkanten av deira utbreiingsområde.** |
| **Naturreservat** | Ambjørndalen | Å ta vare på ein førekomst av **alm-lindeskog** med innslag av **gråor-askeskog** ved grensa for desse skogtypane sitt utbreiingsområde. |
| **Naturreservat** | Oppsaljuvet | Å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av rike skogtypar som **gråor-heggeskog, lågurtgranskog og gråor-almeskog.**<br>Å ta vare på området som har særskilt naturvitenskapeleg verdi på grunn av førekomst av sjeldne og truga lableier. |
| **Naturreservat** | Kleppefjell | Å verne eit skogområde som har særleg tyding for biologisk mangfald på grunn av førekomst av eit særprega og artsrikt **kalkfuruskogområde** på grunnfjellet. |
| **Naturreservat** | Dalåsen | Å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av naturtypen **kalk- og lågurtfuruskog, rik blandingsskog i låglandet, gamal låglandsbarskog** med naturskogpreg og ein rik og variert karplanteflora. |

### 4.3.1 Særlege tilhøve knytt til Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde

Brattefjell-Vindeggen villreinområde har areal innanfor fire kommunar, og Hjartdal er kommunen med størst areal. Villreinen er vurdert som nær truga (NT) Norsk raudliste for artar 2021. Nesten heile den europeiske bestanden av villrein lever i Norge, noko som gjer den til ein *ansvarsart* som Noreg er særleg forplikta til å taka vare på. Brattefjell-Vindeggen er for lite i utstrekking til at det er rekna som nasjonalt villreinområde. Den spesielle statusen villreinen har i europeisk samanheng, gjer at området likevel har internasjonal verneverdi. Randsoner rundt verneområdet er også delvis beskytta. Desse områda skal forvaltast på ein slik måte at bruken ikkje fører til negativ påverknad på verneverdiane innafor verneområdet. Sidan kommunane har ansvaret for arealplanlegginga gjennom Plan- og bygningslova er dei ein viktig part når det gjeld planlegging, forvalting og bruk av randsonene.

Området har eit eige vernestyre knytt opp til Statsforvaltarens miljøavdeling. Føringar er felt ned i ein forvaltingsplan som blir rullert med jamne mellomrom. Sist oppdaterte versjon er Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen 2017-2027.

Det er tidlegare utført kartleggingsarbeid for å kartfeste leveområdegrenser, sesongbeiteområde, kalvingsområde og trekkområde/korridorar. Hjartdal kommune har dei største og mest bruka barmarksbeita i seinare tid. I nordlege delar av kommunen, på grensa mot Seljord og Tinn finn ein også store og gode *vinterbeite* for reinen. Dei viktigaste *kalvingsområda* i Brattefjell-Vindeggen ser ut til å ligge i Seljord, men noko data tyder på at dei har ei viss utstrekning også inn i Hjartdal kommune (Mossing, A. og Romtveit, L. 2017).

I 2020 blei det vedteke ein kvalitetsnorm for villrein. Kvalitetsnorma er eit kunnskapssystem som klassifiserer villreinområda i god (grøn), middels (gul) eller dårleg (rød) kvalitet. Klassifiseringa skal gjennomførast kblei fjerde år og skildre status for villreinen, kva for faktorar som påverkar negativt og kva forvaltinga kan gjere for å betre leveforholda. Den fyrste rapporten kom i 2023. Brattefell-Vindeggen blei saman med 14 andre ikkje-nasjonale villreinområde vurdert. Berre eitt av dei hamna i grøn klasse, eller var det halv om halvt i gul og raud klasse. Brattefjell-Vindeggen hamna i raud, på bakgrunn av resultat på delnorm 3 Leveområde og menneskleg påverking. Forvaltingsmålet er å få området opp i minst gul klasse.

## 4.4 Miljøkartleggingar i skog (MIS)

Miljøregistrering i skog (MIS) har som mål å ta vare på det biologiske mangfaldet ved å kartlegge og beskytte truga livsmiljø. Registreringane blir gjort i produktiv skog med planlagt hogst og er ein integrert del av skogbruksplanlegginga. Dette skal bidra til betre forvalting av miljøverdiane i skog og sikre at viktige biotopar for raudlista artar blir registrert og beskytta. Frå 2017 er MIS-kartleggingar knytt opp mot NIN-metoden. MIS-registreringar ligg inne som eigen kategori i NIBIO sine kartsystem www.gardskart.no og www.kilden.no

### 4.5 Viltkartlegging

Det er registrert ei rekke viltartar av nasjonal, regional og lokal forvaltingsinteresse i Hjartdal kommune. Den fyrste viltkartlegginga i Hjartdal kommune ser ut til ha blitt gjennomført i 1986, etter oppdrag frå dåverande Fylkesmannen i Telemark. I 2004-2005 blei det gjennomført ei ny viltkartlegging. Dette er den siste samla oppsummeringa av kunnskapsstatus for viltet i kommunen. Kartlegginga blei gjort i tråd med DN-handbok nr.11 (DN 1996), og er basert på intervju av grunneigarar, jegerar og andre personar som har stor lokalkunnskap om viltartar i kommunen. Vidare er registreringa basert på rapportar som omhandlar viltundersøkingar i kommunen. Det blei utarbeida ein samla rapport med eigne viltkart, utan at det var utført nye feltundersøkingar. Opplysningar om viltbiotopar som er offentleg tilgjengelege er presentert i faktablad A / viltkart A, medan sensitive opplysningar er presentert i faktablad B / viltkart B. Referanse? Så langt ikkje digitalisert?

### 4.6 Kulturlandskap

I samband med Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1994 (NRVF) blei det utpeika tre område i Hjartdal kommune. Dette var *Ambjørndalen-Svartdal* (ligg delvis i Seljord kommune), *Kyrkjekrinsen-Gvammen* (Hjartdal Nordbygd og Gvammen) og *Bondal*. Sistnemnde fekk status som «Spesialområde», det einaste i fylket. Denne kategorien er særleg knytt til det autentiske, med vekt på bygningar, tun og eit lite endra landskapsbilete. Områda i Hjartdal-Svartdal fekk status som viktige/særs viktige kulturlandskap innanfor kategorien «Større samanhengande område med store kulturlandskapsverdiar». Det biologiske mangfaldet i form av den varierte småskala landskapsmosaikken og innslaget av slåttemarker, naturbeitemark og styvingstre var særleg framheva. Mange av lokalitetane som er kartlagt etter HB13 eller NIN blei fyrst lagt merke til ved registreringar gjort i forkant av eller i oppfylging av NRVF.


I kjølvatnet av NRVF blei Hjartdal også peika ut som ein av fem nasjonale pilotar for utarbeiding av forvaltingsplan. Arbeidet blei leia av ei lokal styringsgruppe og var knytt opp til Statsforvaltaren si miljøavdeling. Av omsyn til storleiken på området kom ikkje Gvammen med (sjå Heggenes 1996, s 8). Dette førte indirekte til at Gvammen ikkje kom med i seinare oppfylgingsprosjekt, som Kulturlandskapsprosjektet (Hjartdal Nordbygd og Bondal 1999-2002) og Eldhusprosjektet (Hjartdal Nordbygd og Svartdal 2003-2006). Gvammen har like fullt status som særs verdifullt kulturlandskap. Det er etter kblei registrert og laga skjøtselsplanar for mange lokalitetar med slåttemark, naturbeitemark og styvingstre.

Området Hjartdal-Svartdal kom i 2017 med i Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL), denne gongen også utan Gvammen. Området skil seg i nasjonal samanheng ut med den største og tettaste førekomsten av artsrike slåttemarkslokalitetar. Det blei i 2016 utarbeida ein tilstandsrapport for området, og i 2018 ein forvaltingsplan retta inn mot eiga tilskotsordning for UKL. Forvaltingsplanen vil måtte rullerast i takt med endringar i tilskotssystem og anna.

I 2011-2012 blei det utarbeida nokre enkle ryddeplanar for utvalde stølsområde i Brattefjell-Vindeggen, i kombinasjon med enkle botaniske kartleggingar. Dette var i dei to parallelle stølsdalføra nord for Skjesvatn (Åto og nordover, Trandem og nordover), og i Vikdalen (Tuddal). Det blei ikkje gjort særskilde funn, men registrert eit par lokalt viktige naturbeitemarkslokalitetar etter HB13. Dette gjekk i regi av Verneområdestyret/Statsforvaltarens miljøavdeling.



*Slåtteengflora på Sud-Opsal i Gvammen, Hjartdal. Foto: Ingvill Garnås.*



*Vandring mellom styvingstre av alm på Myljom-To i Nordbygda, Hjartdal. Foto: Gunhild Geirsta.*

## 5 Mål og strategiar for ivaretaking av naturmangfald i Hjartdal kommune

### Hovudmål

Hjartdal kommune ynskjer å ivareta naturmangfaldet i kommunen med utgangspunkt i den eigenverdien det har, økosystemtenestene det leverar og som base for friluftsliv og opplevingar for innbyggarar og tilreisande.

### Delmål 1 – Auke kunnskapen om naturmangfald i forvaltinga og befolkinga.

Strategiar:

1. Gjera kunnskapen om verdiar ved og ulike trugsmål mot naturmangfaldet i kommunen lettare tilgjengeleg.
2. Legge til rette for godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom kommune, lag og organisasjonar, næringsliv og private aktørar om desse tema.

### Delmål 2 – Ivareta viktige naturområde og samanhengar mellom desse.

Strategiar:

1. Unngå utbygging på og/eller inngrep i lokalitetar med truga naturtypar og/eller artar.
2. Prioritere fortetting av eksisterande byggjeområde framfor etablering av nye.
3. Stø opp om landbruksdrift som omfattar skjøtsel av eldre kulturmarkstypar som naturbeite, artsrik slåttemark og hagemark eller haustingsskog med styvingstre.
4. Forvalte vegkantar som moglege erstatnings-/tilleggsområde og korridorar for artar knytt til kulturlandskap/semi-naturleg mark (planter, insekt).

### Delmål 3 – Redusere trugsmålet frå framande artar.

Strategiar:

1. Utarbeide retningsliner for handtering av framande artar ved all aktuell sakshandsaming, til dømes ved flytjing av massar.
2. Skape medvit om framandartar i hagar, hageavfall og vegkantar som trugsmål mot naturmangfald.
3. Opplyse om og/eller initiere aktuelle mottiltak.

### Delmål 4 – Basere friluftsliv og turisme på nærmiljø og kanalisering.

Strategiar:

1. Kanalisere ferdsel til terreng og natur som toler slitasje og trafikk av menneske.
2. Legge til rette for utvikling av gode nærfriluftsområde.
3. Ikkje tillate utbygging som hindrar tilgangen til eksisterande eller potensielt nye nærfriluftsområde.
4. Ikkje etablere nye stigar eller løyper i område med sårbart naturmangfald og/eller lite berørt natur.

## 6 Handlingsplan

| Namn på tiltak | Skildring | Ansvar |
|---|---|---|
| **Initiere eller legge til rette for infotiltak om naturmangfald** | Sjå Delmål 1 og Delmål 3<br><br>-Naturmangfaldplanen er eit viktig reiskap i seg sjølv, må gjerast kjent og lett tilgjengeleg<br>-Skriftleg info på nett og/eller per brev<br>-Temakveldar | Kommunen v/Samfunnsavdelinga (plan, landbruk, miljø)<br><br>Gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar og fagpersonar |
| **Bruke Naturmangfaldplanen som grunnlag i plan og byggesakshandsaminga** | Sjå Delmål 2, strategipunkt 1 og 2, og Delmål 4, alle punkt.<br><br>Naturmangfaldlova kapittel 12 skal også leggast til grunn ved handsaming av sakar som vedkjem naturmangfaldet | Kommunen v/Samfunnsavdelinga (plan, byggesak, miljø) |
| **Fylgje opp føringar lagt i Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen** | Knytt til punktet over<br><br>Særleg framheva pga Noreg sitt spesielle ansvar for villrein | Knytt til punktet over |
| **Hegne om og fremme landbruksdrift som er avgjerande for å halde seminaturlege naturtypar i hevd** | Sjå Delmål 2, strategipunkt 3<br><br>Gjeld både innanfor og utanfor område avgrensa i samband med NRVF i 1994 og UKL i 2017 | Kommunen v/Samfunnsavdelinga (landbruk)<br><br>Spesielt aktuelt innanfor ordningar som SMIL og UKL |
| **Legge føringar for handtering av og initiere mottiltak mot framande artar** | Aktuelle innsatsområde:<br><br>-Bygg/Anlegg<br>-Vegkantar/Parkar<br>-Hagar/Hageavfall | Kommunen v/Samfunnsavdelinga (miljø, teknisk)<br><br>Gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar og fagpersonar |
| **Kartlegging og oppdatering av databasar** | Overordna eller tematisk kartlegging ved det offentlege<br><br>Ved utgreiing av nye utbyggingsområde eller fortetting av eksisterande | Statsforvaltaren<br><br>Kommunen /Utbyggar |

# 7 Nettsider og litteratur

## 7.1 Viktige databasar

*Kilden*
Kartbase drifta av NIBIO, der ein kan huke av for diverse naturregistreringar: www.kilden.no

*Gardskart*
På NIBIO sitt gardskant kan du få oversyn over kva som finst av naturregistreringar på spesifikke gards- og bruksnummer; www.gardskart.no

*Naturbase*
Naturbase gjev den offisielle oversikta over verneområde, statleg sikra friluftsområde og kartlagde område med utvalde naturtypar, inngrepsfrie naturområde, verdifulle kulturlandskap, villreinområde og sensitive artsdata. Innsynsløysinga naturbase er etablert for å gje avgjerdsstøtte til miljøforvaltinga i stat og fylke, til kommuneplanlegging og til annan arealforvalting. www.naturbase.no

*Artsdatabanken*
Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald. Artsdatabanken drifter Artskart som har samla nesten all digital artsinformasjon i Noreg. Hovudoppgåva er å formidle oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om artar og naturtypar, mellom anna Norsk raudliste for artar og Norsk raudliste for naturtypar. Applikasjonen gjev stadfesta informasjon om blant anna truga, raudlista artar og framande artar. Denne informasjonen er viktig i sakshandsaming og forvalting i saker etter Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova. www.artsdatabanken.no og Kart

*Diverse*
Miljøstatus - https://miljostatus.no/kart/
Geologi - https://geo.ngu.no/kart/minkommune/
Vannforekomster - https://temakart.nve.no/tema/vannforekomster
Verneplan i vassdrag - https://atlas.nve.no/
Rovbase – www.rovbase.no
Dyreposisjoner - www.dyreposisjoner.no
Sensitive artsdata - https://sensitive-artsdata.miljodirektoratet.no/

## 7.2 Litteraturkjelder


*Naturmangfald generelt*

Artikkel av Anne Sverdrup-Thygeson, Aftenposten nettutgåve 23.12.2015/24.12.2015: Naturvern er bare sååå 1970 – eller?

Artikkel av Helene Lind Jensen, BioFokus eiga nettside 08.02.3024 Vi må vite hvor naturverdiene i skogen er - Biofokus

Folke et al. 2016. Social-ecological resilience and biosphere-based sustainability science.

Kiland, H. 2012. Potensial for biologisk mangfold, område for spreidd hyttebygging, Hjartdal kommune. Faun Naturforvalting.

*Villrein / Brattefjell-Vindeggen*

Köller, Peter C.A. 2016. Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen 2017-2027. Statsforvaltaren i Telemark, Verneområdestyret for landskapsvernområdet.

Mossing, A. og Romtveit, L. 2017. Villreinen i Brattefjell-Vindeggen. Kunnskapsstatus og arealbruk. Foreløpig prosjektrapport per oktober 2017. NVS Rapport 21/2017. 38 s.

*Vilt*

Direktoratet for naturforvalting. 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11.

FORUT – Tenester for utmarksforvalting, Tinn. 2005. Plan for biologisk mangfold i Hjartdal. kommune, Telemark 2005. Del II Viltrapport.

*Kulturlandskap*

Blomquist, Synne. 1993. Jordbrukets kulturlandskap i Telemark. 17 verdifulle områder. Telemarksforsking, Arbeidsrapport 4/93.

Brun, Magne m.fl. 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge. Det sentrale utvalget for nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, oppnevnt av Miljøverndepartementet.

Eriksen, Jan Erik. 1995. Botaniske registreringer på kulturmark i Ambjørndalen og Kirkebygda, Hjartdal. Naturhistorisk museum.

Heggenes, Jan m.fl. 1996. Forvaltingsplan for jordbrukets kulturlandskap i Nordbygda med Ambjørndalen, Hjartdal i Telemark. Fylkesmannen i Telemark.